LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 01.12.2016 |
| Vår: 16/3626 - 16/32820 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - snuplass for buss- gbnr 70/1,2,4,5,7 Feste nordre

**Tiltaket**

Frå søknaden:

> Bakgrunnen for søknaden er at bussene i dag snur på Feste kai. Her er det trangt og det står ofte feilparkerte biler som sperrer. Dette fører til at bussen får mye rygging og mange svingebevegelser. Sjåførene har ikke full kontroll med hva som befinner seg bak bussen, noe som kan føre til farlige situasjoner, spesielt for myke trafikanter. Skyss har meldt inn behov for at det bygges ny løsning hvor bussene kan snu uten å rygge. De mener snuplassen bør være i nærheten av Feste kai, slik at passasjerer kan betjenes i dette området. Det tilrettelegges for holdeplass og hytte-/næringskonteinere kan betjenes i bussnuplassen.
> Representanter fra sameiet – gbnr. 70/1,2,4,5,7 – har bedt om at det også tilrettelegges for parkeringsplasser, i forbindelse med at de skal benytte fritidsbåter m.m. Det er skissert inn antall parkeringsplasser vi får plass til. Vi har tegnet inn 5 parkeringsplasser, men tenker det også vil være plass til at noen bilder står bak de markerte plassene.

**Planstatus:**
Det er søkt om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen. Det meste av arealet er sett av til parkering, litt til bustad litt til LNF og litt til næring. Mesteparten av tiltaket kjem på areal sett av til bygg og anlegg. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med byggegrensa mot sjø, jf. dokumentet Kartlegging av *funksjonell strandsone og dokumentasjon av byggjegrenser mot sjø*, som vart laga under arbeidet med rullering av kommuneplanen:

## 2.16.1 Feste

Feste er ei grend som ligg heilt vest i kommunen. Sentrum i området er Feste kai, med nærbutikk og småbåthamn. I tillegg er det ei rekke hytteområde i nærleiken, figur 88. Strandsona i området er prega av brattkyst, men det er innslag av svabergkyst innimellom. Store delar av areala i sjøkanten er difor vanskeleg tilgjengelege. På Sjølve Feste, framfor kaien og butikken, er byggjegrensa sett i sjøkanten, slik at næringsområdet og kaien kan utviklast vidare. Like aust for butikken er det sett av eit areal til parkering, og her er byggjegrensa sett langs vegen, slik at den tilgjengelege naustvika vert ivareteken. Like nord

**Lenke til kommuneplanen**

Plankart: http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317821615791.pdf

Føresegner: http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317825466359.pdf

Kommuneplanen




Oversikt




Ortofoto




Skråfoto



**Situasjonen i dag**




**Situasjonsplan**






16/3626 - 2

**Dispensasjonssøknaden**
datert 14.11.2016 er vedlagt. Dette PDF-dokumentet inneheld alle vedlegg til søknaden.

**Forholdet til naboar**
Naboar er varsla, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka. Søkar har innleia forhandlingar om grunnerverv med eigarane av fellesareal tilhøyrande gbnr 70/1,2,4,5,7. Desse eigarane har fått nabovarsel. Tiltaket berører også dagens snuplass, gbnr 70/19 , som Lindås kommune eig. Kommunen si eigedomsavdeling får dette brevet til orientering.

**Høyringsfrist**
Før kommunen handsamar dispensasjonsøknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale planstyresmakter til uttale.
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta | Knut Bjørnevoll |
| avdelingsleiar | saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon fra arealdelen i kommuneplanen - gbnr 70/1,2,4,5 og 7 Feste ytre

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Eigedomsavdelinga | Her | | |
| Statens vegvesen | Region vest | 6863 | LEIKANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Landbruksavdelinga | Her | | |
| Planavdelinga | Her | | |